

# Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## Olavsdagen/Olsok – 29. juli 2018

Preiketekst: Luk 9, 23-26

Lesetekst I: 5 Mos 30, 19-20a

Lesetekst II: 2 Kor 4, 6-11

## Gedigen gevinst, men ingen ting verd?

Kva gagnar det eit menneske – eller meir personleg: deg og meg – om me vinn heile verda, men misser oss sjølve og går til grunne? Så sterkt og så utfordrande lyder det i teksten på denne søndagen i slutten av juli. Olsok-dagen. Dagen då linjene er lange bakover, heilt til år 1030. Men der teksten dreg opp minst like lange linjer for oss framover, inn i æva.

Er me villige, og/eller i stand til, å bera krossen saman med Jesus og fylgja han? Det er det som skal til om me skal berga livet vårt. Og her meiner ein kanskje ikkje først og fremst det livet me får leva her på jorda, men det evige. Det livet som aldri har ein ende. Det livet som i grunnen berre har to alternativ: ei æve borte frå Guds godleik og nærleik, og eit liv saman med Jesus i himmelens herlegdom.

### Vinna alt eller tapa alt

Store ord? Ja, du verda! Ein kjenner seg liten når ein les slikt. Men Bibelen er eigentleg sånn. I alle fall om ein skreller litt bakom formuleringane. Den som ikkje er meg meg, er imot meg, sa Meisteren. - Sel alt du har og gjev til dei fattige, kom så og følg meg, utfordra han ein mann han møtte medan han var på jorda. - Det finst ikkje andre namn under himmelen som me kan verta frelste ved enn Jesu namn, proklamerte læresveinane sterkt og klart (Apg 4,12). Lesetekstane, særleg den korte frå 5 Mosebok, understreker preiketeksten sin klare bodskap. Forfattaren av Mosebøkene tek himmel og jord til vitne på at han legg fram for oss liv og død, velsigning og forbanning, og rår oss sterkt til å velgja livet, så me og vår ætt kan få leva.

Det er altså mogeleg å vinna heile verda, men tapa sjela si - eller mista seg sjølv. Her er fleire omsetjingar av akkurat desse omgrepa. Me kan altså vinna alt, men til sjuande og sist syner det seg at gevinsten er null verdt for oss! Ingen av oss vil vel det?

### Slaget på Stiklestad

Me er altså komne til Olsok. Datoen går tilbake til år 1030 og slaget på Stiklestad. Kva som faktisk hendte der denne dagen, må vi la liggja her. Men mange har antyda at det er den aller viktigaste dagen i Noreg si soge. Og som vendepunkt med tanke på at Noreg vart eit kristent land, er det mange som reknar 1030 og Stiklestad som viktigare enn både Moster i 995 og fleire andre datoar, år og hendingar som hadde med samlinga av landet vårt å gjera, og at kristentrua kom til våre kystar.

I katolsk tid var det svært viktig å markera Heilag Olav og Olsok. Etter reformasjonen vart dette sterkt tona ned. Men det siste hundreåret har gjeve oss nytt fokus på både Heilag Olav og slaget på Stiklestad. No er dagen ein nasjonal og kyrkjeleg festdag, som i alle fall er på linje med St. Hans, og somme meiner at han snart er like viktig som 17. mai.

Men det er ikkje eintydig. I kyrkjeleg samanheng er det for denne søndagen sett opp to preiketekstar. Den eine, altså «vår» tekst, hvis ein fokuserer på at det er nettopp Olsok denne søndagen. Men den andre gjeld hvis ein legg vekt på at den 29. juli er 10. søndag i treeiningstida, korkje meir eller mindre!

### **Kven er denne Jesus?**

Samanhengen der teksten vår står, fortel oss at Jesus nettopp har utført underet der mange tusen fekk mat å eta. Fem tusen menn, pluss kanskje like mange kvinner og truleg endå fleire born. Etterpå var det tolv korgar til overs. Ei korg til kvar av dei tolv læresveinane? Eller går spora kanskje heilt tilbake til Jakob sine tolv søner? Det jødiske folket, tolvstammefolket – var det ikkje frå dette folket at Messias skulle koma, slik at både jøde og grekar skulle få sjå Guds rike og få del i hans frelse?

Men sjølv om Jesu nære vener såg miraklet skje mellom hendene på seg sjølve, då dei delte ut fisk og brød, forstod dei ikkje heilt kven som stod midt mellom dei. Rett nok sa Peter om Jesus at «Du er Guds Messias». Men kven kunne skjønna seg på Jesus når han tala om at han skulle lida og døy!?

På dette punktet er det at Jesus seier dei sterke orda som er vår tekst. Vanskeleg å ta innover seg for Jesu læresveinar og vener som stod rundt han der og då. Men er det så mykje enklare for oss i dag? Er me villige til, eller i stand til, å gå inn i dei utfordringane Jesus kallar oss til? Det er vel det det djupast sett står om denne søndagen, for jøde som for grekar. Kan me alle, prestar og predikantar, få nåde denne dagen til å formidla dette på ein venleg og mild, og samstundes sterk og klar måte?

### **Me eig ein skatt**

Paulus sine gripande ord i leseteksten frå 2 Korinterbrev må få klinga med denne dagen. Me ber med oss Jesu død i lekamane våre. Men også Kristi kraft! Jesu liv vert synleg i oss! Og Guds ljøs skin i oss og gjennom oss. Me som er så skrøpelege, skal få vera berarar av noko uendeleg stort. Ein skatt i leirkar. For me eig ein skatt. Den kan ingen ta frå oss. Det er den aller største «gevinsten». Den er definitivt megastor, større enn å vinna heile verda!

### **Paul Odland**

Misjonssekretær i Den Norske Israelsmisjon, Stavanger krets

[stavanger@israelsmisjonen.no](mailto:stavanger@israelsmisjonen.no)